

Soknerådsmøte i Moster kyrkje

tysdag 08.02. 2022 kl.19:00.

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Marta Fauskanger Ekberg, Camilla Rubach, Elin Taranger, Per Harald Gjerde, Heidi Torkelsen Fagervik og Aksel Lygre.
Randi Olsen var innkalla i samband med sak 12.

Sak 10 – 2022 Godkjenning av møtebok frå 11.01.21 og innkalling.

Møtebok og innkalling godkjend. To saker vert lagde til. Sak 20: Økonomikomite for jubileumsboka. Sak 21: Orgelkomite

Sak 11 – 2022 Oppfølging av tidlegare saker.

Temakvelder – evaluering av 3.februar: Interessant kveld og godt frammøte. Oppgåvefordeling 2.mars: Kyrkjevertar er på plass.

Samling med stab, lokalt tilsette og nokre frivillige.

Vedtak: Me arrangerer samling med stab, lokalt tilsette og nokre frivillige 14.juni, som del av sommaravsluttinga.

Skap til teknisk utstyr bak i kyrkja. Kor står saka no? Rune orienterte. God prosess.

Skal me arrangere kyrkjekaffi framover? Soknerådet vil ta ei ny vurdering om kyrkjekaffi på soknerådsmøtet i mars.

Sak 12 – Forlag til jubileumsboka.

Randi Olsen, redaktør for jubileumsboka, og Gunnvald Bjotveit, orienterte og la fram forslag.

Vedtak: Soknerådet takkar for ein god gjennomgang, og ser fram til den vidare prosessen. Avtale med forlag bør vere klart før sommarferien 2022. Randi Olsen kjem attende på soknerådsmøtet den 14.06.22 då endeleg val av forlag vert teke.

Sak 13 - 2022 Årsrekneskap 2021 og kvartalsrapport

Vedtak:

Kvartalsrapporten- med vedtekne endringar, og forslag til årsrekneskap vart teken til vitande.

Sak 14 – 2022 Årsmelding 2021 og årsmøtet 17.mars

Soknerådsmedlemmene såg over årsmeldinga og ferdigstilte denne. Annonse må inn i avisa seinast 2.mars. Detaljar for årsmøtet kan planleggast på soknerådsmøtet i mars.

Vedtak: Forslag til årsmelding 2021 vart godkjend.

Sak 15 – 2022 Korleis kan vi styrka dåpstala?

Vår målsetjing er: Alle som vert fødde som tilhøyrande i Den norske kyrkja vert døypte.

Kva kan vi, som sokneråd, prest og tilsette konkret gjera for at dette skal skje?

Vedtak: Me tek spørsmålet opp til praktisk vurdering med dei tilsette og frivillige medarbeidarar.

Sak 16 – 2022 Kurs for medarbeidarar på lyd og bilete og eventuell oppgradering av utstyr.

Vedtak: Me spør nokre ressurspersonar om hjelp til å arrangera kurs, og finn dato for dette før soknerådsmøtet i april. Kurshaldar konfererer med medarbeidarar på lyd og bilete og med kantor og prest vedrørende oppgradering av utstyr innanfor økonomiske rammer.

Sak 17 – 2022 Rekruttering av ny medarbeidarar på lyd og bilete.

Soknerådet, presten og medarbeidarane ved PC og miksepult har her ansvaret.

Vedtak: Soknerådet kjem med forslag til namn innan møte i mars, og nokon får i oppdrag å ringje og spørje.

Sak 18 – 2022 Eigen konto for kyrkjemusikalsk utval.

Denne saka kom opp etter førespurnad frå utvalet.

Vedtak: Moster sokneråd går ikkje inn for å oppretta ein eigen konto for det kyrkjemusikalske arbeidet i Moster sokn. Kantor kan kome med ynskje om storleik på beløp på budsjettet, og vil få tydelege rammer innanfor soknerådet sitt budsjett.

Sak 19 – 2022 Referat og meldingar

Orgelkomiteen

Trusopplæringsutvalet

Estlandskomiteen

Frå fellesrådet og administrasjon

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre: Gudsteneste vert flytta frå 19.06.22 til 26.06.22

Sak 20 – 2022 Økonomikomite for jubileumsboka

Forslag til personar som kan spørjast kom opp.

Sak 21-2022 Orgelkomitè

Vedtak: Leiar for orgelkommiteen har fått fritak frå vervet. Komitèen har konstituert seg på nytt.

Moster sokneråd føreslår difor for Fellesrådet at orgelkomitèen held fram med dei attsitjande medlemmene.

Per Harald Gjerde

Skrivar